



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svanhild Aksnes, 5557 2152

Vår dato
21.02.2011
Dykkar dato
18.11.2010

Vår referanse
2010/124329 523.0
Dykkar referanse

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

18.11.2010 Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/1425	Doknr.: 18
Mottatt: 28 FEB 2011 LP/SF	
Saksbehl:	Ark.: 546.3
Kont.:	Avskr.:

Høyringsuttale - ny forskrift om kvoteordninga for melk

Viser til brev, datert 18.11.2010, der ny forskrift om kvoteordninga for mjølk er på høyring.

Vi er positive til forenkling av dagens kvoteordning og meir fleksibilitet for den einkilde gardbrukar. Samstundes er det viktig å ha stabile rammer over tid for at folk i næringa skal leve greitt med investeringane sine og for å ikkje "skremme bort" dei som planlegg å satse.

Forskriftsutkastet som er på høyring fører til at mykje kapital vil gå frå mjølkeprodusentar i oppbyggingsfase til kvoteeigare som vel å selje eller leige ut. Kvoteordninga må vere til det beste for dei som ynskjer å drive med mjølkeproduksjon, samstundes som den tener forskrifta sitt hovudføremål jf §1.

For å systematisere uttalen vår har vi først gjeve kommentarar til hovudtrekka i endringsforslaget (kap 2 i høyringsnotatet), etterpå kommenterer vi direkte til forskriftsutkastet og tilslutt kjem nokre moment utover dette.

Kommentarar til hovudtrekka i endringsforslaget (kap 2 i høyringsnotat):

Enklare å produsere på fleire kvoter

Vi er positive til at det vert meir fleksibilitet og at medlemmer i samdrift får høve til å leige kvote. At avtalar om kvoteleige vert reint privatrettsleg ser vi og på som positivt. Avtalane som kan vare heilt ned til eitt år, gjer det enklare å tilpasse seg i periodar med bygging, sjukdom og anna. Dei fleste kvoteleigeavtalar vert uansett lengre slik at dei høver til den enkeltes trong for stabilitet.

Når det gjeld forslaget om å leggje til rette for både leige og utleige av kvote samtidig forstår vi ikkje heilt poenget med dette. Dette kan føre til prisspekulasjon og vil truleg verke prisaukande på leigekvote.

Leveransekravet ved gjenopptaking av mjølkeproduksjon – avviklast?

Vi meiner at føreslege avvikling av leveransekravet berre bør gjelde for "framtidig sovande kvotar".

Vi ynskjer ikkje eit frislepp til sal av kvoter som allereie "har sovna". Dersom dette vert ny praksis kan ein risikere opp mot 42 mill liter ekstra kvote i marknaden i løpet av få år.

Samtidig vil mykje kapital gå feil veg - frå dei som satsar på mjølkeproduksjon og til dei som er på veg ut av næringa.

Reglane i dag for opptaking av sovande kvotar bør framleis gjelde for kvotar som "har sovna" før ny kvoteforskrift trer i kraft, men med opning for dispensasjon. Dispensasjon bør vere mogleg i dømer som dette: ein bonde med sovande kvote som ynskjer å gå aktivt i samdrift med naboen må sleppe å ta "bortkasta" investeringar på eigen gard for å drive 24 mnd før han kan gå inn i samdrifta. Dispensasjon bør gjevast i liknande tilfelle fram til "avsovna" kvoter er avvikla om 10 år.

Likestilling mellom alle kjøparar av statleg kvote

Vi er svært positive til denne endringa i forskrifta. Det har vore ein hemske for utviklinga hjå dei mindre bruka at dei berre har fått tilgong på små mengder statskvote.

Lettare for nye produsentar å etablere seg

Vi er positive til denne endringa også. Her må ein sjå til at mottaksplikta hjå meieri ikkje startar på lågare minstekvote enn i dag.

Opning for sal av delar av kvoten

Vi er positive til denne endringa. Dette vil gje rom for tilpassing av produksjonsmengde sett i høve til endra produksjonskapasitet til meierileveranse på garden (driftsbygning, lokal foredling, helse osv).

Kommentarar til utkastet til ny forskrift

§3 Produksjonsregionar

Vi meiner det er rett å halde på produksjonsregionane slik som dei er i dag. For Hordaland fylke med relativt låg kvoteetterspørsel er dette særskilt viktig for å oppretthalde næringa i våre bygder.

§4 Disponibel kvote

Vi støtter forslaget om å ha maksimal-kvotane som i dag.

§5 Samdriftskvote

Vi meiner at dagens samdriftsreglar bør vidareførast, dette grunngjev vi med:

- Etablerte samdrifter under 400tonn (200tonn) vil få eit stort negativt økonomisk utslag av føreslege forskrift. Ein kan dermed risikere å "slå beina under" mange samdrifter som har gjort store investeringar og har føresett eit høgare resultat.
- Dagens samdriftsreglar legg til rette for at fleire bruk er aktive i drifta og at mindre bruk kan vere med å investere i samdrifter.
- I grender med få eller ingen større kvoter vert det vanskeleg å etablere samdriftskvoter. I dag er omlag 55% av kumjølkskvotene i Hordaland under 80tonn. Dersom ein må ha >400tonn for å få berekna samdriftskvote, og kan vere maks 5 deltakarar, så set dette store avgrensingar på samdriftsetableringar i vårt fylke (80 tonn x 5 stk = 400 tonn). Føreslege forskrift vil såleis slå svært negativt ut i Hordaland.
- Enkeltbruk opp mot 400tonn er store sett med vestnorske auge. Det er mykje meir enn ein einmannsjobb å hauste fôr til - og stelle så stor buskap.

For å ivareta lokale tilhøve bør det kunne dispenserast for fleire enn 5 deltakarar og ift større avstand frå driftssenteret enn 17 km i samdrifter. Dispensasjonsmyndet bør liggje hjå fylkesmannen.

§8 Omsetjing av kvote

Vi er positive til at seljar av kvote sjølv regulerer kor mykje av kvota som skal seljast. Pris på statleg omsett kvote er sett til kr 3,50 per liter i forskriftsutkastet. Det kan tenkast at ein reduksjon av denne prisen vil verke prisdempande på privat omsett kvote, noko som vi meiner kan vere positivt.

Andre moment:

Leige av kvote – avgrensingar

Det bør vere krav om minstemengde ved kvoteutleige på minimum 10tonn. Det bør og vere ein tidsavgrensing for utleige av kvote, 10 år kan vere høveleg. Det vert uheldig dersom enkeltpersonar som eig grunnkvote kan få leigeinntekt i ein mannsalder frå aktive mjølkeprodusentar.

Med helsing

Åse M. Vaag
Ass. Landbruksdirektør

Svanhild Aksnes
Fylkesagronom husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.